

FORVALTNINGSPLAN FOR HJORT I VOLDA KOMMUNE 2022-2027



Innholdsliste

Innleiing	3
Hjorten i Volda kommune	3
Minsteareal	3
Valdsstruktur per 2021	3
Fellingsresultat	4
Alders- og kjønnsfordeling av felte dyr	5
Interkommunalt samarbeid	7
Viltpåkøyrslar	7
Tiltak i planperioden.....	7
Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning.....	7
God beitekvalitet i utmark.....	7
Redusere skadar på innmark og skog.....	8
Oppnå ein sunnare hjortestamme	9
Rapport og kontroll	9
Tilrådd avskytingsmodell til bestandsplanane	10
Forvaltningsmål i planperioden.....	10
Hovudmål:	10
Delmål:	10

Innleiing

Forskrift om hjortevilt a 2016 seier i § 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr: *Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.*

Formåla med dei kommunale måla er å synleggjere både negative og positive konsekvensar hjortevilt har for samfunnet og synleggjere den retninga forvaltninga ynskjer.

Planen er utarbeidd av viltansvarleg i kommunen og etter høyringsfristen 07.03.2022 vart den endelege versjonen vedteke av tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU) xx.xx.xxxx.

Hjorten i Volda kommune

Minsteareal

Minstearealet i Volda kommune er 400 dekar, og kan fråvikast med inntil 50 % etter §. 7 Fråvik frå minsteareal i forskrift om forvaltning av hjortevilt. Tildelingane i kommunen varierer frå 200 dekar til 500 dekar per løyve.

Valdsstruktur per 2021

Teljande areal i heile kommunen i er ca. 445 000 dekar. Det største valdet i kommunen er Austefjord hjortevald med 91 500 dekar og det minste er Bratteberg med 650 dekar. Det er totalt 25 vald i heile kommunen. 12 av valda har bestandsplan, 4 vald er med i felles bestandsplanområde og 9 vald har årleg tildeling.


TABELL 1. OVERSIKT OVER ALLE VALDA I KOMMUNEN.

Vald namn	Areal	Tildeling 2021	Tildelingstype
Storfjorden viltforvaltning	47 896	191	Bestandsplan
Austefjord Hjortevald	91 679	236	Bestandsplan
Ytre Dalsfjord Storvald	45 922	150	Bestandsplan
Bjørkedal utmarkslag	26 127	55	Bestandsplan
Folkestad Jaktforvaltning	21 139	52	Bestandsplan
Dalsbygd Hjortevald	13 632	68	Bestandsplan
Kilsfjord Storvald	25 022	62	Bestandsplan
Liaskar Egset	2 385	11	Årleg tildeling
Håskjold Mork Eikrem Ytrestøyl	5 863	29	Årleg tildeling
Lid	7 805	30	Årleg tildeling
Åmelfot Mårstøyl	5 137	20	Bestandsplanområde
Vikebygda hjortevald	10 097	26	Bestandsplan
Bjørkedal Nøre	8 920	35	Bestandsplan
Driveklepp	3 072	7	Årleg tildeling
Rotset	7 136	17	Årleg tildeling

Steinsvik Vassbakke	11 130	45	Bestandsplanområde
Åmelfotseter Åmelfotdal	2 807	11	Bestandsplanområde
Nordal Klepp Strand	2 784	9	Årleg tildeling
Halkjelsvik	1 866	4	Årleg tildeling
Åmelfot indre	3 196	13	Bestandsplanområde
Bratteberg	658	1	Årleg tildeling
Mek/Krumsvik	6 685	16	Årleg tildeling
Inidalen	22 150	69	Bestandsplan
Hornet	41 280	187	Bestandsplan
Kviven	28 800	136	Bestandsplan
Sum	443 188	1 480	

Fellingsresultat


I 2020 vart Volda slått saman med Hornindal og Bjørke. Dette gjeld valda Inidalen, Hornet og Kviven frå Hornindal og Storfjorden frå Bjørke. Alle data i figurane er henta frå hjorteviltregisteret kor tala frå «gamle» Volda, Hornindal og Bjørke er slått saman.



FIGUR 1. UTVIKLING I TAL LØYVE OG FELTE HJORT I PERIODEN 2008-2021.


I perioden 2008-2016 var avskytinga mellom 600-780 felte dyr årleg. I 2017 vart det felt 824 dyr og talet har auka til 1089 dyr i 2021. Tidelingane har vore stabilt på ca. 1 000 løyver årleg fram til dei siste åra kor løyvingane har auka betrakteleg.

Alders- og kjønnsfordeling av felte dyr




FIGUR 2. FORDELING AV FELTE DYR ETTER KALVAR, SPISSBUKKAR, FJORSKOLLER, VAKSNE BUKKAR OG VAKSNE KOLLER FRÅ 2008-2021.

Figuren syner at fordelinga er rimeleg jamt fordelt dei fleste åra for dei ulike kategoriane. 2021 hadde ein topp når det gjaldt kalv og vaksen kolle fordeling i uttaket. I dei fleste åra har det vore felt vesentleg fleire spissbukkar enn fjorskoller.




FIGUR 3. SAMLA KJØNNFORDELING I UT TAKET I PERIODEN 2008-2021.

For heile perioden er det ein liten overvekt av bukkar i uttaket, i snitt 37,5 % mot 36 % koller. Dei to siste åra er det derimot skutt fleire koller enn bukkar.



FIGUR 4. PROSENT FELTE AV SETTE DYR I PERIODEN 2008-2021.

Jaktrykket vert uttrykt som kor mange dyr som vert felt i forhold til kor mange dyr som vert sett under jakta. Figuren syner at det er høgt jakttrykk på bukkar, i 2020 vart nesten 30 % av alle observerte bukkar skutt. For koller og kalvar har tala auka litt dei siste to åra.



FIGUR 5. SETT KOLLE PER BUKK 2008-2021 OG SETT SPISSBUKK PER BUKK 2008-2021.

Sett kolle per bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestanden. Dei siste åra syner at det vert sett over 2 koller per bukk, dette er høgt å tydar på lite bukkar i bestandet. For å ha nok hanndyr i bestandet bør denne indeksen ligge godt under 1,5.

Dei siste åra er det sett fleire spissbukkar per vaksen bukk, noko som tilseier at gjennomsnittsalderen til bukkane i bestandet vert lågare.

Interkommunalt samarbeid

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider i hjorteforvaltninga, m.a. felles teljedatoar for vårteljning av hjort. Volda og Ørsta har tett dialog med samordning innan hjorteforvaltninga. To jaktfelt i Hornindal har felles bestandsplan med Markane i Stryn kommune. Det kan også vere aktuelt at ein samarbeider meir med Hellesylt og Stranda kommune for valda i Hornindal.

I 2019 vart det starta opp eit merkeprosjekt på hjort i regi av NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) for fleire kommunar i Nordfjord og på Sunnmøre, Volda kommune er med på dette prosjektet. Prosjektet vil vare ut 2023 og ynskjer å få svar på fleire spørsmål om hjortens arealbruk.

Viltpåkøyrslar

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representere både fare for folk tryggleik, store økonomiske skadar og dyras lidning. I snitt er det ca. 25 påkøyrslar årleg i kommunen. Viltfondet dekker kostnadene som går med til ettersøk, avliving og fjerning av fallvilt.

Tiltak i planperioden

Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning

Hjortestamma i Volda skal forvaltast som ein heilhet kor ein vil legge vekt på lokal og berekraftig forvaltning av hjortestamma, der hjorteviltressursane er til nytte både nærings- og rekreasjonsmessig.

Viltforvaltninga skal søkje å ha eit uttak som er viltfagleg rett. Stamma skal ha så god kjønns- og aldersfordeling som råd, dyra skal ha god kondisjon/vekt etter alder og kjønn. Beitetrykket skal vere berekraftig over tid, beiteskadar på nyttevekstar, innmark, og skog skal ikkje føre til store verditap for grunneigaren.

Alle jegerar, felt og valdsansvarlege skal nytte den digitale registreringsportalen til hjorteviltregisteret www.settogskutt.no der valdsleiaren godkjenner registreringane ved jaktslutt.

- Skjema om fellingsrapport skal sendast inn elektronisk etter avslutta jakt sesong.
- Det skal utførast vårteljning kvart år.

God beitekvalitet i utmark

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker oppretthalde beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt nedbeita områder ved større uttak. At vinterbeita har god nok kvalitet er avgjerande for hjorten, og det er viktig at viltforvaltninga overvakar denne. Det er redusert kvalitetsbeite som gjer at slaktevekta går ned, og ikkje det kvantitative beite.

På Søre Sunnmøre gjennomførte Bioforsk Tingvoll, (no NIBIO) i 2008 ei gransking av kvaliteten på viktige vinterbeiteområde. Konklusjonen i rapporten (nr. 70) var at beitetrykket på den vegetasjon som er viktig for vinterbeite, m.a. blåbærlyngen, var moderat beita i store deler av kommunen, men dels sterkt nedbeita i Mork-området.

Redusere skadar på innmark og skog

Hjorten er nøye på val av beite heile året og veljar det best tilgjengelege beitet til ein kvar tid, det gjer at bønder som driv jorda aktivt vert hardast ramma av skadebeiting på dyrka marka. Ein skal søkje å ha eit uttak som tek høgde for å unngå for stor skadebeiting, eller skogskader hjå einskilde bønder. Valda har ansvar for å fordele løyva slik at skadedyr raskt kan takast ut. Bestandsplanane må ta høgde for dele ut fellingsløyver der hjorten er i valda og kan skytast. Difor bør valda helde tilbake løyver som kan delast ut til jaktfelt som feller kvota raskt i områder med beiteskader.



FIGUR 6. BORKGNAG PÅ GRANSKOG.

Biologisk mangfald:

Det er sentralt i hjorteviltforvaltninga at stamma er godt tilpassa beitegrunnlaget. Særleg i snørike vintrar kan hjorten gjere ikkje så lite skade på skog, både barskog og særleg edellauvskog kan verte skada, i verste fall kan dei døy.

Naturmangfaldslova:

Kommunen kan på kort varsel gi løyver på uttak av hjort utanfor jakttida for dyr som gjer skade på skog, nyttevekstar og innmark, eller som er til fare for trafikken og allmenta heimla i naturmangfaldslova. Dette er eit verkemiddel som berre unntaksvis vert brukt, ved akutte tilfelle.

Skogbrukslova

Lova gjeld område der hjorteskadane er så store at dei reduserer verdien av tømmeret med 10 % eller meir som følgje av barkgnag eller honningsoppråte på granskog der hjorten er smitteberar. Hjorteskadane må ikkje verte så store at forynginga til avverka bestand vert beita så hardt på toppskota at fleire års tilvekst går ut.

Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling, høgare slaktevektar, med sunne og friske dyr i godt hald. Best måler ein dette gjennom slaktevekt for kalvar og 1,5 årringar.

Dokumenterte effektar av auka bestandstettleik er:

- Generelt reduserte kroppsvekter i alle kategoriar
- Redusert reproduktiv innsats hos hanndyra
- Redusert hanndyrandel blant kalvane

Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:

Hokalv: 28 kg, hannkalv: 30 kg, kolle 1,5 år: 51 kg, spissbukk: 58 kg.

Snittvekt Volda 2012:

Hokalv: 26 kg, hannkalv: 28 kg, kolle 1.5 år: 47 kg, spissbukk: 51 kg.

Snittvekt Volda 2021:

Hokalv: 24 kg, hannkalv: 26 kg, kolle 1,5 år: 44 kg, spissbukk: 49 kg.

Verkemiddel får å auke slaktevektene er: reduisering av hjortestamma, vektgrensar for skrapdyr, skyte større andel med kalvar for å få eldre snittalder og oppretthalde ein god kjønnsbalanse hos dei vaksne dyra.

Det er viktig med ein høg andel eldre bukk i bestanden. Dei eldre bukkane startar brunsten tidligare enn dei yngre bukkane. Dei har også innverknad på kalvevektene, ved at dei eldre bukkane framskyndar brunstaktiviteten hjå kollene som gir tidligare paring.

Rapport og kontroll

1. Alle felte hjort skal rapporterast snarast råd, seinast innan 48 timer med faktisk alder. Skrottar skal vegast snarast råd, seinast innan 48 timar etter felling med dokumentert internkontroll i valda.
2. Kommunen vil etter behov kontrollere utvalde jaktfelt eller hjortevald for internkontroll med heimel i § 37 i Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.
3. Ettersøk.

Her viser vil til § 20 i Viltlova som seier at: .. jeger som ynskjer å bruke kunstig lys på ettersøk ska varsle kommunen samt politi og rettighetshaver. Dersom pliktig ettersøk første dag er utan resultat, skal jeger eller jaktlag utan opphald varsle jaktrettshavar og kommunen om dei faktiske forhold, jf. Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 27.

Tilrådd avskytingsmodell til bestandsplanane

- Minimum 30 % kalv
- Maksimum 15 % spissbukk
- Minimum 40 % kolle (fjorskolle og vaksen)
- Maksimum 15 % vaksen bukk

Jegerar og jaktfelt bør alltid forsøke å ta ut små dyr, og vald med bestandsplan vert oppmoda om å ha ei skrapdyrordning der felling av små dyr (skrapdyr) under ei viss vektgrense gir nytt løyve til jeger/jaktfelt frå storvaldet. Skrapdyra skal som dei andre felte dyra reknast av tildelt kvote og takast med i fellingsrapporten med kjønn og alder.

Bestandsplanen kan overskridast med 10 % av årleg totalkvote, men korrigerast i løpet av planperioden.

- Grensa på 10 % av felte hjort av kvar kategori i alder og kjønn i tildelinga kan overskridast årleg mot korrigering i planperioden.
- Overføring av kvote frå år til år kan maksimalt utgjere 10 % av årlege totaltildelingar.
- Vrakdyr skal meldast til kommunen eller Mattilsynet for godkjenning.

Forvaltningsmål i planperioden

Hovudmål:

Hjortebestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar (rekreasjon), matproduksjon og næringsutvikling. Det er viktig at hjorten ikkje skaper store konflikhtar i høve til andre nærings- og samfunnsinteresser.

Delmål:

- Hjortebestanden skal reduserast vesentleg i planperioden.
- Basert på registrerte data og interessekonfliktar er det grunnlag for å ha eit høgt uttak i åra framover. Auka uttak av dyr i område med beite- og trafikkskadar skal prioriterast.
- Avlingsskadar skal ikkje overstige 10 % av produksjonsevna på dyrka mark og skog.
- Forvaltninga av hjort i Volda kommune skal gjerast gjennom bestandsplanar og vald som ikkje har planbasert forvaltning skal organisere seg i storvald eller bestandsplanområder. Bønder som driv aktivt skal involverast i utarbeiding av bestandsplanar.
- Data frå merkeprosjektet skal nyttast som grunnlag for valdsamarbeid.
- Hjortestamma skal haldast på eit nivå som gjer at trafikkskadar vert haldne på eit akseptabelt nivå med under 20 påkøyrslar i året som realistisk maksimum. Ein skal oppmode om å unngå lagring av rundballar langs trafikert veg og vurdere siktrydding på aktuelle strekningar.

- For å få ein meir robust og stabil hjortebestand så må gjennomsnittsalderen blant dei vaksne dyra aukast og for å oppnå dette skal årleg uttakt av kalv og ungdyr vere minst 60 % av det samla jaktuttaket.
- Andelen eldre bukk skal utgjere maksimalt 15 % av det samla jaktuttaket årleg.
- *Sett Hjort* er det beste verktøyet ein i dag har for å kunne observere endringar i bestand. For at dette verktøyet skal vere best mogleg er ein avhengig av at det vert registrert mest mogleg data frå jakt. Alle vald/jaktfelt er pålagt å registrere *Sett Hjort*-data elektronisk med slaktevekter.
- Auke slaktevektene for kalv og ungdyr: Målsetjinga skal vere at slaktevekta går opp 10 % fram til 2027.
- Sett kolle per bukk i utmark skal ikkje overstiga 1,2 etter planperioden.